



Saksbehandlar: Siri Ingvaldsen, Fylkesbiblioteket - NKA  
Sak nr.: 17/3628-38

## **Regional plan for kultur, høyringsutkast mai 2018**

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

- Utkast til regional plan for kultur vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 01.09.2018.

**Vedlegg:**

Regional plan for kultur, høyringsutkast mai 2018

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Fylkesrådmannen viser til vedteke planprogram for regional plan for kultur, jf. FU-sak 1/18. I tråd med vedteken framdriftsplan for arbeidet vert det no lagt fram forslag til regional plan som kan leggast ut til offentleg ettersyn. Fylkesrådmannen foreslår å setje høyringsfristen til 01.09.2018.

Som vedlegg til kulturplanen ligg eit utkast til handlingsprogram for vidare utfylling. Dette er ikkje eit fullstendig utkast, men er meint som eit utgangspunkt for å få innspel også på konkrete tiltak som kan følgje opp ambisjonane i kulturplanen.

«Regional plan for kultur» erstattar «Kulturstrategi for Sogn og Fjordane 2015-18», og «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv».

### **2. Innhold og struktur i planutkastet**

Planutkastet har *kultur for alle* som tittel og overordna mål. Planen handlar om korleis kulturfeltet kan bidra til å skape gode lokalsamfunn, og legg vekt på betydninga av å utnytte og vidareutvikle kulturelle kraftsenter i fylket. Kulturplanen byggjer på eit vidt kulturomgrep, der fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er ein integrert del.

I planprosessen har vi førebudd oss på å gå inn i ei regionreform. Vi har prøvd å identifisere kva vi er sterke på og såleis kan byggje vidare på, og har samstundes peika på område vi har behov for å styrke. I ein ny/større fylkeskommune skal vi ta fleire og større oppgåver innanfor ramma av den nasjonale kulturpolitikken. Dette krev god intern samordning og tett dialog med partnarskapen. Fagområdet kultur skal etter intensjonsavtalen mellom Sogn og Fjordane og Hordaland leiest frå Sogn og Fjordane. I prosessen fram mot samanslåinga i 2020 må vi førebu oss både når det gjeld kapasitet, kompetanse og gode strukturar for samarbeid og arbeidsflyt.

### **3. Organisering av planarbeidet**

Fylkesutvalet er politisk styringsgruppe for regional plan for kultur. Utvalet har gjort vedtak om utlegging av planprogram og plan, og tilrårt endeleg plan for fylkestinget. Planutvalet er politisk drøftingsgruppe (prosess), og Hovudutval for næring og kultur politisk referansegruppe. Fylkesrådmannen står for overordna administrativ leiing av planprosessen. Arbeidet har vore organisert som eit prosjekt der vi har nytta tilnærma PLP (prosjektleiarprosessen) som metode.

Administrativ styringsgruppe er samansett av representantar for forvaltningsnivå, institusjonar og organisasjonar som regional plan for kultur vil ha betydning for, og som difor skal ha ei sentral rolle i utforminga av planen: kommunane, kulturinstitusjonane, frivillig sektor og Ungdomspolitisk utval. Medlemer i gruppa er Terje Heggheim, Gerd Fløde Bjørlo, Anita Nordheim, Åge Avedal, Hilde Bjørkum, Njål Hopen Eliasson og Jan Heggheim (leiar).

#### **4. Medverknad**

Plan- og bygningslova sine reglar om medverknad er lagde til grunn for planprosessen, og innspel og høyringar er førebudde og gjennomførde i samsvar med desse. Kommunane, institusjonane, organisasjonane og andre aktørar har vore inviterte til å spele inn problemstillingar og spørsmål som dei meinte var viktige å drøfte.

Medverknad har vore sikra m.a. gjennom administrativ styringsgruppe, fagsamlingar og seminar, dialogmøte, konferansar og høyring. Det er oppretta ei eiga nettside der vi har orientert fort-løpende og invitert til innspel i prosessen. To høyringar vert gjennomførde, éi etter utlegging av planprogrammet og éi av sjølve planen.

I prosessen har vi lagt vekt på å involvere representantar ikkje berre frå administrativt nivå i kommunane, men også frå politisk side. Statleg nivå vart invitert inn m.a. i samband med avtalt møte med departementet om den nye stortingsmeldinga om kultur. Vi har fått innspel frå Høgskulen på Vestlandet og andre aktuelle FoU-miljø. Det har vore lagt vekt på å hente inn eksterne partar som har kompetanse og oppgåver innan ulike fagområde, og som kunne bidra fagleg i prosessen.

#### **5. Prosess og framdriftsplan**

Planutvalet vedtok 3. mai 2017 framdriftsplan for arbeidet (sak 2/17). Første fase var organisering og start av prosessen, deriblant ein innleiande analyse av kva vi hadde behov for av kunnskapsgrunnlag. 27. september 2017 la fylkesutvalet planprogrammet ut på høyring, og etter høyring og vidare handsaming vart endeleg planprogram vedteke i fylkesutvalet 23. januar 2018.

Kunnskapsgrunnlaget for planen er særrapportar av Norsk kulturindeks 2016 og 2017 for Sogn og Fjordane og særrapport 2017 av Norsk idrettsindeks. Det er vidare rapporten UngData 2017 frå Kompetansesenter Rus – Region Vest Bergen og Bergensklinikken, aktuell statistikk samt oppsummeringar frå innspelmøte. Høyringsuttalene har òg gitt verdifull informasjon. I tillegg er fagpersonar internt og eksternt bedne om å levere innspel på sine område. Vi har ikkje samla kunnskapsgrunnlaget i eit eige dokument, men har lagt ut lenkjer til det mest sentrale dokumenta på fylkeskommunen si nettside. Kunnskapsgrunnlaget er brukt aktivt gjennom planprosessen.

Oversikt over innspelmøte:

- |                   |   |
|-------------------|---|
| • 23. august 2017 | Ope dialogmøte  |
| • 17. januar 2018 | Innspelmøte om kulturmeldinga og kulturplanen   |
| • 21. februar     | Møte med Musea i Sogn og Fjordane   |
| • 2. mars         | Møte i Nynorskfylket, kulturplanen eitt av temaa  |
| • 7.-8. mars      | Kulturkonferansen, med verkstader på kulturplantema   |
| • 16. mars        | Møte med kunstfeltet  |
| • 19. mars        | Møte med organisasjonar, institusjonar og fylkesråd om kommunikasjon, tilgjenge og universell utforming |
| • 22. mars        | Møte med idretts- og friluftsorganisasjonane  |
| • 6.-8. april     | Fylkesting for ungdom, kulturplanen eitt av temaa   |

Våren 2018 er sjølve planutkastet ferdigstilt. Etter høyring og vidare arbeid skal planen opp igjen i fylkesutvalet i september, og deretter til endeleg handsaming i fylkestinget i oktober 2018.

Intensjonen er å utarbeide fireårige handlingsprogram og årlege handlingsplanar til kulturplanen. Som vedlegg til planen følgjer eit første utkast til handlingsprogram 2019-2022. Dette er ikkje full-stendig, men er meint som eit utgangspunkt for å få innspel i høyinga. Det vil bli invitert til å kome med framlegg til tiltak under dei ulike fagområda i kulturplanen.

#### **6. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at vedlagde utkast til regional plan for kultur vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 01.09.2018.